

## Til studentar, studentrettleiarar, lærarar og leiarar i helseforetak og kommunar<sup>1</sup>

*Sentrale dokument for helseteneste og utdanning legg tydelege føringar for at helseprofesjon studentar treng tverrprofesjonell samarbeidslæring (TPS) i praksis.*

Sentrale læringsutbytte i Forskrift om felles rammeplan for helse- og sosialfagutdanninger (FOR-2017-09-06-1353) seier at studentane skal kunne «samhandle både tverrfaglig, tverrprofesjonelt, tverrsektorielt og på tvers av virksomheter og nivåer, og initiere slik samhandling».



Dette skrevet inneheld forslag til konkrete TPS aktivitetar – som kan inkludere studentar frå fleire profesjonar.

Føremålet med tverrprofesjonell samarbeidslæring (TPS) er at studentar skal lære om andre profesjonar sine ansvarsområde og lære å samarbeide, for på den måten å styrke kvalitet i pasientbehandling og sikre heilskapleg pasientbehandling. I møte med andre profesjonar blir og eins eigen profesjon sine kompetansar og ansvarsområde tydelegare. I praksis kan studentane øve på å bruke og utvikle dei tverrprofesjonelle kjernekompetansane.

Mange pasientar treng innsats frå fleire profesjonar for å få naudsynt helsehjelp og kontinuitet i pleie/ behandling og ved overføring mellom nivå i helsetenesta. Aktuelle pasientar er dei med ulike kroniske fysiske eller psykiske utfordringar, behov for rehabilitering, smerteproblematikk eller palliasjon.

Behovet kjem mellom anna fram i «Kvalitet i praksisstudiene i helse- og sosialfaglig høgere utdanning – PRAKSISPROSJEKTET» (side 52, 2016):

*Samhandling på tvers av fagbakgrunn og tjenester framheves av myndighetene som avgjørende for kvaliteten i tjenestene og som et av virkemidlene for å skape «pasientens helsetjeneste». Stortingsmeldinger forutsetter at samfunnets framtidige behov for tverrprofesjonell samhandlingskompetanse må gjenspeiles i innholdet i helse- og sosialutdanningene.*

---

<sup>1</sup> Dette informasjonsskrivet (Kvilhaugsvik, B. og Lunde, S.E., 2020) bygger på TPS informasjonsskriv utvikla av ei felles arbeidsgruppe i HVL campusane Stord og Haugesund og Stord, Haugesund og Odda Sjukehus i Helse Fonna HF (2018).

## Når studentar frå ulike profesjonar er knytt til praksis samtidig:

*Bes studentar, avdelingar, rettleiarar og lærarar om å ta kontakt med kvarandre og arbeide tverrprofesjonelt saman om konkrete pasientar.*

Studentane ber om rettleiing på det tverrprofesjonelle samarbeidet frå rettleiarar i praksis og lærarar.

Aktuelle tema for rettleiing og refleksjon kan vere tverrprofesjonell kartlegging, vurdering og dokumentasjon. Bevisstgjerjing av likeverd mellom profesjonane i samarbeidet og samhandlinga er viktig. Refleksjonen bør og omhandle eigen og andre sine roller og kompetanse i teamet og korleis ein konkret planlegger samarbeidssituasjonar og samhandling.

## Når studentane frå ulike profesjonar ikkje er i praksis samtidig:

*Ber me om at studentane skal få innsikt i andre profesjonar ved observasjon (skyggepraksis) av ei anna yrkesgruppe (sjukepleiar, lege, fysioterapeut, ergoterapeut, farmasøyt, klinisk ernæringsfysiolog, sosionom, bioingeniør m.fl.).*

Det er stor verdi i at studentane får følge ein annan profesjon, som eins eigen profesjon vanlegvis samarbeider med. Studentane bør ha fokus på ansvar, oppgåver og arbeidsmåtar hos dei andre profesjonane.

*Dei ulike faggruppene oppmodast dessutan til å invitere studentar med i tverrprofesjonelt samarbeid og diskusjon.*

## Ansvar for dette informasjonsskrivet i HVL, campus Stord og Haugesund

Bente Kvilhaugsvik (sjukepleiar), førstelektor i HVL, Stord, [bente.kvilhaugsvik@hvl.no](mailto:bente.kvilhaugsvik@hvl.no)

Sølvi Anne Eide Lunde (sjukepleiar), høgskulelektor i HVL, Haugesund, [solvi.lunde@hvl.no](mailto:solvi.lunde@hvl.no)